



venstre

**VALPROGRAM 2007**  
Austrheim Venstre

## MILJØ:

# Ubåten ved Fedje skal opp!

I ubåten ved Fedje ligg det Ca. 65 000 Kg med kvikksølv, ein av dei farlegaste miljøgiftene som finns. No er det ein stor risiko for at kvikksølv lek ut i havet. Dette ville vere ein miljøkatastrofe av store dimensjonar, og vil ramme alle som bur her ved kysten.

Austrheim venstre vil ikkje godta ei passiv haldning. Ubåten skal ikkje dekkast til, då dette kun er ei utsetjing av problemet. Austrheim venstre aksepterer ikkje at miljøproblemet vert vidareført til våre barn og barnebarn. Kvikksølvet må fjernast, **no**.



*Videre vil Austrheim Venstre:*

- arbeide for eit Kollektivtilbud som gjer det mogleg å velgja andre alternativ til privatbilisme.
- Arbeide for fleire gang og sykkelstiar.
- At kraftlinja frå Kollsnes til Mongstad må leggjast i kabel.
- Oppgradere og vidareutvikle kommunale fri-luftsområder og turstiar.
- Sikre og kontrollere apparater på kommunale leikeplassar.
- Opprette kommunalt tilskudd til privatpersonar som byter ut gamle, forureinande varmekjelder til nye (til dømes varmpumper, pellets-ovn og liknande)
- Tilsetje ein miljø og energirådgjevar for Austrheim og Fedje.
- Ved investering i nybygg og transportmidlar i offentleg regi, skal miljøeffektive løysingar setjast som krav.

## NÆRING:

# Nyskappingskonferanse for unge etablerarar

Heile tida treng vi nye arbeidsplassar i kommunen. Det betyr at dei bedriftene vi har, må få utvikle seg vidare, og at forholda blir lagt til rette for nyetableringar. Austrheim Venstre går inn for at kommunen, i samarbeid med Næringshagen, inviterer til ei årleg samling for unge menneske, til

dømes 15 - 35 år, der tema er gode idear og nyskaping. Både skular, bedrifter og organisasjonar må medverke i rekrutteringsarbeidet til ein slik arbeidskonferanse. Unge etablerarar må trekkast inn i programmet, og ein nyskappingspris kan gjerne knyttast opp motsamlinga.



*Videre vil Austrheim Venstre:*

- Arbeide for å etablere ein pelletsfabrikk på Mongstad, mellom anna med Sitkagran som råstoff.
- Arbeide for raskare utbygging av ny vei over Radøy.
- Sørge for tilstrekkeleg med næringsareal i kommunen.
- Støtte opp om «inn på tunet»-prosjekt, til dømes Vesttun Gard.
- Arbeide for å få ei god gjestehavn i Austrheim.
- Utarbeide ein turistguide for kommunen.
- Legge forholda tilrette slik at eksisterende bedrifter i kommunen får gode utviklingstilhøve.
- At kommunen skal ta større ansvar for å etablere fleire lærlingplasser.

## SOSIALT ANSVAR:

# Kontroll med speleautomatane

Sjølv om no fleirtalet i Stortinget har vedteke å tvinge alle kommunar til å plassere ut speleautomatar, vil Austrheim Venstre likevel arbeide for at dette skal endrast og at kommunane sjølve skal bestemme i denne saka. Meir enn 70.000 menneske er speleavhengige. Skal nærdemokratiet

ha mening, må den einskilde kommune kunne redusere dette helse- og miljøproblemet lokalt. Det kan ikkje vere rett at samfunnet, med opne auge, påfører ungdom og vaksne lidningar for livet. Staten må sjølvsgatt kompensere inntektstap for frivillige organisasjonar.



*Videre vil Austrheim Venstre:*

- Gjere kommunale tenestetilbod meir effektive og serviceprega og innretta dei etter brukarane sine behov.
- Styrkja det rusførebyggjande arbeidet, og den lokale innsatsen for personar med rusproblem.
- Legge til rette for at frivillige organisasjonar, kommunale tenester og eventuelt andre kan bidra til et meir aktivt miljø og auka livskvalitet for bebuarane på Nordliheimen.
- Løyve midlar til ei henteordning for heimebuande eldre som ønskjer å delta på aktivitetar.
- Gjere friluftsområde tilgjengeleg for funksjonshemma.
- Byggje ut tilbodet ved Vestlia (framtidige bustadar for funksjonshemma) slik at bebuarane kan ta meir del i sosiale fellesskap.

## SKULE:

# Ein ungdomsskule, to barneskular

I Austrheim er det to ungdomsskular med 10 km avstand. Venstre meiner det ville vore betre utnytting av ressursane med **ein** ungdomsskule, både når det gjeld lærarkrefter og økonomi. Ei fersk undersøking blant ungdomsskuleelevar viser at dei ynskjer eit felles skulemiljø.

**Ein** ungdomsskule gjer det lettare å byggja opp eit kreativt og trygt ungdomsmiljø i kommunen. På sikt kan dette vera med på å byggja ned kunstige grenser og styrkja relasjonane mellom innbyggjarane i Austrheim.



*Videre vil Austrheim Venstre:*

- Rusta opp skulen med vekt på eit godt læringsmiljø, inneklima og undervisningsmaterieill.
- Rammetimetalet må haldast på eit forsvarleg nivå, og gje nok ressursar til dei som treng ekstra hjelpetiltak.
- Det må løyvast midlar til ekskursjonar og leirskule.
- Auka satsinga på informasjonsteknologi i undervisninga.
- Fri skuleskyss til alle med utrygg skuleveg.
- Styrkja helsesøstertenesta i skulen.
- Arbeida for at Kaland SF0 må få eigne og funksjonelle lokale.
- Yrkesfaga må styrkjast, å få høgare status, både på ungdomsskulen og i den vidaregåande skule.

## KULTUR:

# Kultur gir trivsel

Kultur og næringsutvikling heng nøye saman. Folk som vil etablere bedrifter, eller som kjem for å bu og arbeida her, vil ha eit aktivt kulturliv. Hos oss er det dei frivillige lag og organisasjonar som er berykjelken i det rike kulturlivet som alt finst i Austrheim.

Desse laga må få auka tilskot for å kunna gje eit **endå** betre kulturtilbod for innbyggjarane i kommunen.



### Videre vil Austrheim Venstre:

- Satsa på kulturskolen ved å løyva pengar til å ferdiggjera og utstyra dei nye lokala (i det gamle legesenteret) som dei har flytta inn i.
- Arbeida for å realisera Austrheim idretts-park.
- Få ferdigstilt skulemuseet, og få det opna for publikum.
- Oppjustera det kommunale tilskotet til Austrheim Samfunnshus.
- Opna den kommunale kystkultursamlinga i Åråsbua. Den må gjerast tilgjengeleg for alle.
- Utnytta ordningane gjennom «Den kulturelle skulesekken».
- Etablere eit kulturstipend for unge, lovande talent frå Austrheim.
- Oppfordra til bruk av nynorsk i all marknadsføring, både av kommunen og næringslivet.

## LOKALDEMOKRATI:

# Ja til direkteval av ordfører!

Direkteval av ordfører har skapt lokal diskusjon og engasjement i forsøkskommunane. Den raud-grøne regjeringa har avslått å innføre ordninga nasjonalt.

Austrheim Venstre meiner dette er ei sak for lokaldemokratiet, og vil gå inn for at ved kommunevalet i 2011, skal vår kommune søkje om å få direkteval av ordfører. Vi trur at dette vil skape større interesse for lokalpolitikken hjå oss.



*Videre vil Austrheim Venstre:*

- At grendelag og frivillige organisasjonar i kommunen i større grad skal trekkast inn i viktige saker før dei er avgjorte.
- At kommunen sine nettsider blir ei betre, oppdatert og utvida informasjonskjelde
- At forvaltninga er open og gir informasjon i forkant av viktige saker.
- At skulane i kommunen i større grad legg vekt på innsikt i nærdemokrati, lokale saker og lokalkunnskap om historie, natur og næringsliv.
- Arbeida for å oppretthalde og vidareutvikla barne og ungdomsrådet
- Arbeide for direkte val av ordfører.
- Auka samarbeidet med Hordalandsbenken på Stortinget for å få større gjennomslag for viktige lokale saker.

# Vil du vite mer?

Venstres prinsippprogram, stortingsvalprogram, notat om den sosiale liberalismen, politisk reknskap, enkeltsaker og uttalelser m.v. kan du lese meir om på [www.venstre.no](http://www.venstre.no) eller få i våre sekretariater:

## Venstres Hovedorganisasjon

Møllergt. 16, 0179 Oslo  
telefon 22404350, telefaks 22404351  
e-post: [venstre@venstre.no](mailto:venstre@venstre.no)

## Venstres Stortingsgruppe

Stortinget, 0026 Oslo  
telefon 23313362, telefaks 23313872  
e-post: [stortingsgruppa@venstre.no](mailto:stortingsgruppa@venstre.no)

## Vil du vite meir om Austrheim Venstre?

Gå inn på <http://www.venstre.no/hordaland/austrheim/>

Du kan også ta kontakt med vår førstekandidat:

Liv Ulvøy Kjeilen, [livukjeilen@yahoo.no](mailto:livukjeilen@yahoo.no), Mobil: 900 77 875

eller vår lokallagsleiar

John-Kåre Krokene, [jkrokene@broadpark.no](mailto:jkrokene@broadpark.no), Mobil: 47 400 440



venstre

[www.venstre.no/hordaland/austrheim](http://www.venstre.no/hordaland/austrheim)

